



NVE, Konsesjonssaker

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2016/1845	11997/2018	L12	SELBERVIK	30.08.2018

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 28.08.18, sak 71/18

FRÅSEGN TIL SØKNAD OM KONSESJON FOR NØVEDALSELVA KRAFTVERK

Saksprotokoll - Ørsta formannskap - 28.08.2018

VEDTAK:

Ørsta formannskap vurderar fordelane for ålmenne verdiar med ei utbygging av Nøvedalselva som større enn ulempene av inntekter til fallrettseigar og fornybar energi

Handsaminga (9 r.f.)

Synfaring.

Lagt fram i møtet: Frå Ola Hope, Grunneigar Storestandal – Innspel ang. ei eventuell utbygging av Nøvedalselva, Storestandal

Karen Høydal (AP) la fram AP sitt forslag:

Ørsta formannskap vurderar fordelane for ålmenne verdiar med ei utbygging av Nøvedalselva som større enn ulempene av inntekter til fallrettseigar og fornybar energi

Ved alternativ røysting fekk AP sitt forslag 9 røyster og vedteke

Rådmannen si tilråding 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne Løeng
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Magnar Selbervik	Arkivsak: 2016/1845
		Løpenr.: 10076/2018

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
71/18	Ørsta formannskap	28.08.2018

Saka gjeld: **FRÅSEGN TIL SØKNAD OM KONSESJON FOR NØVEDALSELVA KRAFTVERK**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Ørsta formannskap vurderer ulempene for ålmenne verdier med ei utbygging av Nøvedalselva som større enn fordelane av inntekter til fallrettseigar og fornybar energi. Det vert her synt til at både Sætreelva og Fladalselva alt er bygde ut og at Nøvedalselva er eit svært eksponert vassdrag med stor verdi for friluftsliv og landskap.

Saksvedlegg:

I	07.06.2018	07.06.2018	Høyring av søknad om løyve til å byggje Nøvedal kraftverk i Ørsta kommune	Noregs vassdrags-og energidirektorat NVE
---	------------	------------	---	--

Saksopplysningar:

Småkraft AS søker om konsesjon etter vassressursloven § 8 og energiloven om løyve til å utnytte fallet i Nøvedalselva ved Standal til bygging og drift av eit elvekraftverk. Søknaden gjeld frå høgdekote 375 ned til 60 meter over havet, og er i søknaden utrekna til å kunne gje ein årleg produksjon på ca 12,2 GWh.

Det vert søkt sprengt ut eit basseng og etablert ein betongterskel på 10-15 meter lengde i 3-4 meters høgde som inntak ved kote 375, som vil gje ein dam på ca 200 kvm/ 800 kbm. Det er også planlagt å føre vassføringa frå ein sidebekk over til inntaksbassenget i Nøvedalselva.

Frå inntaksbassenget er planen å etablere ei røyrgate med indre diameter 500 mm i ei lengde på 1050 meter ned til planlagt kraftstasjon ved kote 60. Øvste halvdel er planlagt etablert med retningsstyrt fjellboring, medan neste del av røyrkata skal gravst ned. Det er planlagt å etablere ein mellombels anleggsveg på ca 700 meter opp til høgdekote 200 for tilkomst og riggområde for tunellboring i øvre del av traseen. Masser frå tunellboringa er oppgitt å skal køyrast til og deponerast i massetaket til Standal knuseverk.


Tilkomst til kraftstasjon er planlagt med ein 40 meter ny tilkomstveg og avløpet med ei ny plastra grøft attende til nedre del av Nøvedalselva like før samløpet med Sætreelva. Kraftstasjonen er tenkt knytt til eksisterande 22 kV nett via ein 300 meter lang jordkabel som etter planen skal gravast ned og sikrast under Sætreelva. Det ligg ikkje føre nokon skisser av kraftstasjonen enno, men det er omtala at den skal utformast etter Småkraft sin standard stasjonstype. Det vert her synt til eit vedlegg 5, men dette ligg ikkje ved søknaden. Truleg er det meint vedlegg 2 der det er bilde av to kraftstasjonar.

Middelvassføringa ved planlagt inntak i vassdraget er utrekna til knapt 690 l/s og alminneleg lågvassføring utrekna til 30 l/s. Det er søkt om ei minstevassføring tilsvarande 5-persentil av sesongvassføringa noko som er utrekna til 120 l/s om sommaren og 20 l/s i vintersesongen.

Øvre del er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF sone D kommuneplanen si strengaste LNF sone med følgjande føresegn:

«Innanfor desse områda finn ein særleg viktige friluftslivs- natur- og viltinteresser. Det vert synt til temakart nr. 2, 5 og 8 frå Fylkesmannen. Byggje- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksverksemd vert ikkje tillate. Oppføring av fritidshus vert ikkje tillate med unnatak av i regulerte felt.»

Nedre del er regulert gjennom reguleringsplan for Standal massetak, der området vest for Nøvedalselva (Sp5) mot det planlagde framtidige område for massetak «Brautene» og sona mot Sætreelva (Sp 6 og 7) er avsett til spesialområde friluftsliv. Eit areal aust for Nøvedalselva (Sp4) er regulert til natur- og friluftsområde og var omtala slik: *«Dette er blandingsskog på tidlegare innmark/slåttemark/beite innegjerda av steingjerde og med restar etter sommarfjøsar/løer, og med meir kravfull vegetasjon med hasselbusker og ein og annan alm. Dette er den mest intakte delen av det som openbert må ha vore ei meir utbreidd kulturlandskapsutforming i dette området.»* Sjølv vasstrengen er regulert til friluftsområde i sjø og vassdrag.



Bilde 1: utsnitt av reguleringsplan for Standal massetak

Søknaden gjeld produksjon for sal og er ikkje avgrensa til eige behov innan tradisjonelt landbruk og krev handsaming som dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan for Standal.

Ei utbygging som omsøkt vil flytte grensa for menneskeskapte inngrep og redusere eit inngrepsfritt naturområde i fjella mellom Standalsdalen og Bondalen, jf fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

I naturbase er det registrert ein regionalt viktig naturtype av nordvendte kystberg og blokkmark langs Nøvedalselva frå høgdekote 200 til ca 450 moh. Lokaliteten har fått verdi B (viktig) på grunn av at den har funn av ein sjeldan raudlista art som praktdraugmose, som her er nær si nordgrense. Innan det same området ovanfor samløpet med sidebekk frå vest er det i rapporten for biologisk mangfald som ligg ved søknaden registrert snerpstjernemose- Begge artane er raudlista som NT (nær trua) og avhengig av fuktige leveområde langs våte myrer eller elvar/fossar med god vassføring.

Naturlege elveløp er også ein naturtype som er raudlista som NT (nær trua) grunna mange elvar har vorte bygde ut eller førebygde og det opphavelge elvemiljøet då vert vesentleg endra. Vegetasjonen langs elva er i all hovudsak naturleg lauvskog

I artskart er det eit eldre samlepunkt med observasjonar av fleire raudlista artar som vipe (EN), stær, gjøk, bergirisk, ærfugl, fjellrype, lirype, fiskemåke, sandsvale og taksvale (NT). I pågåande viltkartlegging er område aust for Nøvedalselva frå ca 400 meter og oppover vurdert som eit viktig leveområde for fjellrype. Det er omtala observasjon av fossefall under feltarbeidet og vassdraget si utforming med fossar og stryk gjer at elva bør vere eigna for arten. Næraste kjende hekkelokalitet er likevel i Sætrelva (hovudelva).

Nøvedalselva renn ut i Sætreelva ca 200 meter nedanfor vandringshinderet for anadrom fisk. Det er elles aure også ovanfor oppgangshinderet i Sætreevla og utsett aure i Storevatnet og Grønvatnet øvst i nedbørsfeltet til Nøvedalselva. I ein rapport frå Sweco om anadrom fisk i Sætreevla i samband med Standal kraftverk står det; «*kjent at det er fisket relativt stor ørret i Nøvedalselva*».

I samband med handsaming av fleire søknader om småkraftverk langs Hjørundfjorden i 2012 vart det utarbeidd ei samla vurdering av vassdraga sin inntrykksstyrke, landskapseffekt og konsekvens for fjordlandskapet av utbyggingar. Nøvedalselva vart då vurdert å vere av vassdraga med størst inntrykksstyrke. Med sine fossar og styrk er elva svært eksponert frå bygda og fjorden. Ved handsaming av Dalegerdet kraftverk i Fladalselva skreiv også NVE i si handsaming: «*Nøvedalselva er langt meir eksponert og i større grad enn Fladalselva eit blikkfang i dalen*».

I høve friluftsliv er det i temakart 2 friluftsliv til kommuneplanen sin arealdel markert ein nasjonalt viktig tursti langs Nøvedalselva med overgang til Bondalen. Det var også lagt vekt på å sikre uhindra tilkomst til denne turstien i reguleringsplanen for Standal massetak.

Kommunen si vedtekne satsing i Hjørundfjorden er ei prioritering av reisliv og tursime som framtidig grunnlag for næringsliv og busetting. Det er nyleg også utarbeidd ein masterplan for reiseliv.

Heile arealet er vurdert som aktsomheitsområde for snøskred og steinsprang. Øvre del er også registrert av NGU som losneområde for snøskred. Det er også registrert skred langs nedte del av vassdraget i kommunen si oversikt over kjende skredhendingar (nr 1180 i temakart 7 – snøskred).

Kommunen har vorte kontakta av ein av grunneigarane som er oppgitt i søknaden å ha inngått avtale om grunn og fallrettar. Vedkomande tilbakeviser dette og har også meldt i frå til søkjar om at dette er feil. Kommunen har også vorte kontakta av ein annan som har setrerett i det aktuelle området og ikkje har vore spurd. Slike privatrettslege forhold burde vore avklara før kommunen og andre paratar legg arbeid i handsame søknaden. Vi har gitt NVE attendemelding om dette.

Søknaden no gjeld løyve etter vassressurslova som i § 25 gir følgjande krav for å kunne få konsesjon: «*Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørsfeltet...*»

Vurdering og konklusjon:

Grunngjevinga for søknaden er eit ønskje om å utnytte den lokale ressursen som ligg i vasskraftpotensialet i elva. Det vert her synt til at ei utbygging vil gje inntekter til eigarane, grunnlag for lokal anleggsverksemd, skatteinntekter til kommunen og bidra til kraftforsyninga i landet med fornybar energi. Det vert vidare argumentert for at ei utbygging vil gjere det lettare å drive jordbruk og sikre busetting på Standal.

Ørsta kommune er ein netto krafteksportør. I følgje den lokale energiutgreiinga frå 2011 vert det årleg produsert om lag 421 GWh i eit normalår. Det har sidan vore bygd ut fleire småkraftverk. Det samla energiforbruk var på same tid 240 GW. I fylket er det derimot energiunderskot på grunn av kraftkrevjande industri og vi er avhengig av overføring frå andre delar av landet. For fallrettseigar vil ei utbygging gje inntekter. Det er derimot svært usikkert i kva grad ei eventuell utbygging vil bidra til framtidig busetting og drift lokalt.

Kommunen har vedteke å prioritere turisme og reiseliv i og langs Hjørundfjorden som grunnlag for framtidig busetnad og næringsveg. Då er inntakt natur, med eksponerte vassdrag og fossefall som viktige landemerke avgjerande. Sjølv om ei utbygging vil kunne gje inntekter til fallrettseigar, vil summen av fleire utbyggingar også kunne undergrave grunnlaget for turisme og reiseliv som framtidig næringsveg og grunnlag for busetting i ein større målestokk.

I følge kraftsystemutgreiinga for Møre og Romsdal er det ikkje kapasitet for innmating av ny produksjon i leidningsnettet lokalt. Fleire småkraftverk i Hjørundfjorden (Urke og Trandal) har tidlegare fått konsesjon men produsert med redusert kapasitet grunna nettkapasiteten. Det vert i søknaden synt til ein uttale frå Mørenett som ligg vedlagt om at innmating er mogleg men krev visse utbetringar i nettet.

Småkraftverk utan reguleringsmagasin kan ikkje styrast i takt med behovet og produksjonen av elektrisitet vil svinge etter vassføring og årstid. Vassføringa er låg om vinteren og produksjonen vert såleis låg når etterspurnaden er størst. Småkraftverk bidreg likevel til forsyninga gjennom å redusere behovet for nedtapping av magasinane i ordinære kraftverk.

Bygda Standal er prega av store menneskeskapte inngrep i form av 420 kW kraftline, småkraftverk i Fladalselva (Dalegjerdet) og Sætreelva (Standal) og uttak av grusmasser ved lokalitetane Flåtene og Holen. Området ved Nøvedalselva er einaste området ved Standal som er tilnærma utan inngrep frå elvebotn til fjells. Som argument for søknadane om Dalegjerdet og Standal kraftverk i 2009 vart det frå grunneigarane si side vist til at dei skulle verne Nøvedalselva mot utbygging. Kommunen la si høyring vekt på dette signalet. Også i den biologisk mangfaldrapporten som då vart utarbeidd vart det synt til at *«ut frå avstandsbetraktningar er det grunn til å tru at det er langs Nøvedalselva... som er det best utviklede fosserøyk- og kløftesamfunnene finnes i dette dalføret»*.

Inntaket no er søkt omtrent i skoggrensa ved høgdekote 375. Å sprengje ut eit inntaksbasseng her vil kunne verte dominerande i eit relativt ope og svært bratt terreng. Det vert synt til at inntaket då kjem nedanfor dei mest markerte fossane sett frå fjorden. Heile vassdraget med fossar, stryk og fosseberg har stor betydning for landskapet sin karakter og særtrekk. Både grunna eksponeringsverdien til Nøvedalselva og summen av konsekvensen av eksisterande utbyggingar i landskapsrommet Standal, vil ei utbygging med bortføring av vatn redusere opplevingsverdien av landskapet i stor grad.

I søknaden er landskapet som Nøvedalselva er en del av vurdert å ha nasjonal verdi og elvelandskapet til å ha middels til stor opplevingsverdi. Ei utbygging vert her vurdert å vere av middels til stor negativ konsekvens for landskap som tema. I høve friluftsliv vert området også vurdert å ha stor verdi og ei utbygging til å ha middels til stor negativ konsekvens.

Gjennom det som er omtala som parti 3 i figur 15 i søknaden har elva erodert seg ned fleire meter og dannar ei godt utvikla og særprega bekkekløft med høge sidekantar. I sone 2 og 4 er det eksponerte fossar og fosseberg. Det er også godt utvikla fossesprøytoner både like ovanfor og nedanfor planlagt inntak utan at dei er utpeika konkret rapporten om biologisk mangfald. Ut frå kriteria i naturmangfaldlova må ein her leggje vekt på § 10 om samla belastning for disse naturtypene av elveløp, fossesprøytoner og fosseberg sett i høve at både Sætreelva og Fladalselva alt er bygde ut.

Nøvedalselva er ikkje skilt ut som ein eigen vassførekomst i vann-nett, men inngår i samleførekomsten Standalselva bekkefelt, som er vurdert å ha god økologisk tilstand og ingen kjent risiko for å ikkje nå miljømåla. Sjølv om ein legg til grunn at miljøtilstanden i utbygde vassdrag med krav til forsvarleg minstevassføring framleis kan nå målet om god økologisk tilstand, seier vassforskrifta at miljøtilstanden ikkje skal forverrast. Vi set spørsmål ved om ei standardisert minstevassføring tilsvarande 5 % persentil av sommar- og vintervassføring ivaretek dette målet.

Nøvedalselva delar seg i to i neste del og er prega av store steinar/blokker. Det kan gå opp anadrom fisk (laks/aure) til neste del av Nøvedalselva omtala som parti 6 i figur 15 i søknaden. Slik oppgang vil avhenge av god vassføring og truleg også korleis steinane i nedre del flyttar på seg i flaumane. Redusert vassføring vil kunne påverke moglegheita for fiskeoppgang til neste del, og føresetnaden for liv i og langs vassdraget elles.

Den eksisterande grusvegen i neste del er svært bratt og neppe eigna som tilkomstveg for tyngre utstyr. Frå lager/snuplass er det ein markert steingard som eventuelt må kryssast og ein som går

omtrent langs den skisserte mellombelse vegen. Ut frå kartet er det uklart om rørtraseen er tenkt lagt parallelt med eller om ei utbygging vil medføre at steingarden går tapt.

Vi kjem til at ei utbygging av Nøvedalselva vil ha store negative konsekvensar for ålmenne interesser som landskap, natur- og friluftsliv, og vere uheldig i høve vedteken satsing på turisme og reiseliv som framtidig leveveg og næringsgrunnlag i og langs Hjørundfjorden. Inntakt natur med levande vassdrag og fossar som den eksponerte Nøvedalselva er her svært viktig. Etter vår vurdering lyt omsynet til ulempene for ålmenne verdiar her vege tyngre enn 12,2 GWh fornybar energi og ønskje om inntekter til fallrettseigarane.

Wenche Solheim
Rådmann

Eldar Øye
Ass rådmann

Innspel ang. ei eventuell utbygging av Nøvedalselva, Storestandal

På Standal er det utbygd to kraftverk frå før, Dalegjerdet og Standal kraftverk. Planane om denne utbygginga starta tidleg på 2000-talet, og dei første innleiande avtalane vart formatert rundt 2003. I denne samanhengen vart det uttalt under ei synfaring for framtidig trasè, « får vi bygd ut desse kraftverka, kan vi no la Nøvedalselva ligge». Etter den tid er det kome til nye grunneigarar på Standal, også to tilflytta barnefamiljar. For meg er det merkeleg at denne utsegna er brukt som ein ev. stoppar for utbygging av Nøvedalselva. Ikkje finn eg det skriftlig, ei heller tinglyst.

I søknadspapira står alle grunneigarane oppført, og det er ein feil frå søkjar si side. Dei som har skrive under på avtalen og er positive til utbygginga er 9 av 10 grunneigarar, og 90% oppslutning ville vel einkvar politikar vore godt fornøgd med.

Når det gjeld kommuneplanen sin arealdel og underlag for prioriteringa, er turstien langs Nøvedalselva nemnd som ein nasjonalt viktig tursti. Denne inngår også som ein del av stinettet Hjørundfjorden rundt. Mykje av denne stien går ikkje langs Nøvedalselva, og vil dermed ikkje bli påverka av ei eventuell utbygging. Stien går lenger oppe, og nærmare Standaleidet. Sidan inntaket til kraftverket er planlagt under fossen, vil sjølve fossen vere like synleg som i dag, både frå sti, veg og fjord.

Då inntaket er planlagt bygt utan tilkomstveg eller synleg røyrgate, men ved retningsstyrt tunnelboring nedanfrå, vil ikkje sjølve Nøvedalen bli berørt, og dermed heller ikkje «bidra til å redusere eit inngrepsfritt naturområde mellom Standal og Bondalen», som nemnt i svaret frå kommunen.

Beiterettar og andre rettar har ikkje innverknad på denne søknaden, då inntaket er planlagt godt inne på Standalgrunneigarane sin grunn. At det skal skytast eit basseng i fjellsida er å legge på vel mykje sjølv for kjende, men dei søke om å skyte ein kulp i bakkant av dammen i forbindelse med inntakskonstruksjonen, som då vil bli under vassflata, nødvendigvis. Sjølve Nøvedalen vil være like uberørt som før ei eventuell utbygging.

Angående nær trua fauna og arter er dette selvfølgelig noko som må vegast opp mot fordelene ved ei utbygging. Kven veit kva som skjer med varmare klima framover, muligens praktdraugmosen si nordgrense beveger seg vidare nordover.

Når det gjeld snøskred, reknar eg som sjølv sagt at utbyggar gjer dei risikoanalyser og tiltak som skal til for å vurdere om prosjektet er forsvarleg eller ikkje.

Eg ønsker med dette brevet å setje lys på fordelane med utbygginga, og håpar kommunen sitt politiske organ deler vårt syn på dette. Norsk vasskraft er den grønaste krafta som blir produsert, og med klimaprognoiser og Co2-utslepp som bakteppe, synest eg det er viktig å produsere rein kraft der ein kan, med minst mogleg ulempe og naturinngrep. Når vi no planlegg inntaket under fossen, vil denne fortsatt gi like stort inntrykk frå fjorden og bygda som før. Samtidig vil det være ei minstevassføring, og synsintrykket frå turstien vil bli lite endra frå dagens.

I tillegg kjem fordelane for grunneigarane på Standal. Det er ikkje til å stikke under stol at landbruket på Vestlandet står framfor store utfordringar, mellom anna avfolking av bygdene. Eg kan iallfall seie for min familie sin del, to moment var avgjerande for å kjøpe gard på Storestandal: heilårsveg og kraftverk. Får ein bygd ut eit kraftverk til, bidreg vi til klimamål, samtidig som vi sikrar framtidige generasjonar eit lite bein til å stå på. Det blir endå meir aktuelt å kunne livnære seg på garden, også

for framtidige generasjonar. Ein må også nemne at ei utbygging og dermed auka ubelånt inntekt på garden, er ein medvirkande faktor på reknestykket angående nybygg og ny produksjon. Skal ein ha levande bygder, må dei som vel å busetje seg i dalane kunne benytte seg av dei mulighetene som ligg der.

Kommunen har vedtatt turisme og reiseliv som framtidig leveveg og næringsgrunnlag i Hjørundfjorden. Det er veldig bra, men eg trur kombinasjonen med levande bygder og gardsbruk i drift også er viktig. Derfor bør ikkje det eine vektast framom det andre. Eg trur lys i husa og velstelte gardsbruk har meir å bety for turismen enn redusert vassføring du kun observerer frå nokre få plassar.

Det store fleirtalet av grunneigarane på Storestandal har gått inn for å bygge ut ei elv så lite skjemmande og med så lite naturinngrep som mogleg. Hadde ein tatt med fossen i utrekningane, ville utbygginga blitt både større og mykje meir lønnsom, men det var det einigheit om at vi ikkje ville gjere, nettopp for å bevare det mektige inntrykket.

Håpar eg har fått belyst saka frå fleirtalet av grunneigarane si side.

Mvh

Olav Hope

Grunneigar Storestandal